

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7. juni 2022

Stad: Fjordsenteret


Sak 23/22. Rekruttering av nye garnfiskarar

Saksopplysing:

Tal garnfiskarar i Aurland statsallmenning har gradvis vorte lågare. For å hausta meir av potensialet i fjellvatna, er det trøng for rekruttering av nye garnfiskarar.


Vurdering:

Figur 1 syner at tal selde garnkort er markert redusert etter 2013. Mykje is på vatna og kort sesong, bidrog til at det i 2015 vart selt veldig få garnkort. I forvaltningsplanen, s 20, står det at det burde vera rom for å fiska 2-2500 kg aure i statsallmenningen årleg. Sportsfiske bidreg nok med ein aukande andel av totaluttaket, men det er likevel trøng for meir garnfiske for å koma opp i eit stabilt uttak i denne storleiken. I figur 1 kan ein også sjå tal kg aure fiska med garn dei siste 6 åra.



Figur 1. Syner utviklinga i tal solgte garnkort, samt tal kg aure fiska med garn.

Marknadsføringa av garnfiske har i hovudsak vore fokusert på gjensal til dei som fiska med garn året før. Det er grunn til å tru at snittalderen på garnfiskarane byrjar å verta høg, og at det no er trøng for å tenka nytt kring rekrutteringa. Noko marknadsføring har vore gjort gjennom Aurlendingen, sosiale medier og ved at Borlaug Sport frå 2021 starta opp med garnsal til innanbygdsbuande. I tillegg vart det i 2020 og 2021 vedteke at nokre få utanbygdsbuande fekk fiska med garn i Nyhellermagasinet. I følgje figur 2 auka tal garnnetter i desse åra mykje meir enn tal selde kort, noko som tyder at desse fiskarane fiska mykje.



Figur 2. Syner innsatsen til garnfiskarane, målt i tal garnnetter og gjennomsnittleg tal garnnetter blant dei med garnkort som faktisk fiska med garn.

Me har hatt ein idémyldring på fjellstyrekontoret om moglege marknadsføringstiltak for å auka rekrutteringa. Nokre av ideane er desse:

- Utlån av garn til folk som ønskjer å prøva
- Eit gratis garn til dei som kjøper garnkort
- Ta initiativ til garnfiske-festival, til dømes på Steinbergdalshytta
- Gratis garnfiskekort til ungdom
- Utlysa konkurranse om å laga film om garnfiske

Framlegg til vedtak:

- Aurland fjellstyre tilbyr gratis garn-, stong- og oterfiske for innanbygsbuande ungdom frå fylte 16 år til og med det året dei fyller 20 år.
- Aurland fjellstyre løyver 5000 kr til premie i ein konkurranse om å laga den beste videoen av ungdom som fisker med garn i Aurland statsallmenning. Kåringa vert gjort på fjellstyremøtet i november, og filmen vert brukt i vidare marknadsføring.

Aurland 3. juni 2022

Knut Fredrik Øi
Fjelloppsyn Aurland fjellstyre